

---

Saksnr: 2020/75874-8  
Saksbehandlar Frank Dahl  
Dato: 22.02.2021

---

---

**Til:** Fylkesutval og Fylkesting

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Konsesjonskraft - risikostrategi for forvaltning av konsesjonskraft

VLFK gjennomførte anbod på forvaltning av konsesjonskrafta i 2019. Saka vart klaga inn for KOFA av fire tilbydarar som ikkje vart innstilt til å få kontrakten. KOFA var samd med desse tilbydarane i at det låg føre moglegheit for sokalla intradaghandel på kraftbørsen, der den tiltenkte oppdragsgjevaren kunne ha moglegheit for å skaffa seg utilsikta inntekt. På dette grunnlaget vart konkurransen avlyst. Avgjerla frå KOFA kom rett før jul i 2019.

Advokatfirmaet Lund & Co vart i 2020 engasjert for å gje VLFK råd i den vidare handteringa av saka.

VLFK har i 2020 på nytt gjennomført anbodsrunder på forvaltning av konsesjonskrafta. Konkurransen vart publisert i september månad og tilbudsfrist var i siste halvdel av november. Evalueringa vart gjennomført fram mot årsskiftet. Tilbydarane fekk presentere si løysing av oppgåva etter tilbudsfristen og det vart gjennomført forhandlingar med tilbydarane på nyåret 2021.

Basert på dialogen med selskapa vart konkurransegrunnlaget presisert på dei områda der tilbydarane hadde ulik oppfatning av kva rammer som var for konkurransen.

Dette viste seg å bli eit arbeid som vart meir omfattande enn det som er lagt til grunn tidlegare. Planen var å leggje fram sak om risikostrategi for forvaltning av konsesjonskrafta til møtet i fylkestinget i mars 2021. Tanken var at den reviderte risikostrategien skulle diskuteras med framtidig forvaltar.

Tildelingsbrev for forvaltning av konsesjonskrafta vart sendt ut 10. februar 2021 og i etterkant er det svart på dei spørsmåla som er kome til grunngevinga i tildelingsbrevet.

Sjølv om VLFK har hatt grundig dialog gjennom forhandlingar med alle tilbydarane, har det kome tilbagemelding om at ein av tilbydarane vil klage på avgjerda fordi den ikkje er samd i alle vurderingar og legg til grunn at det kan ligge føre brot på regelverket for offentlege anskaffingar. Tilbydaren har bede om meir tid til å greie ut dette spørsmålet. Innkjøpsseksjonen er i dag ikkje kjent med kva argument som kjem i klagen.

Når VLFK mottek klagen, vil den bli svart ut og etter den tid kan klagaren bringe saka vidare inn for KOFA og/eller rettsapparatet for vidare tvisteløysing. Korleis prosessen vert og kor lang tid dette tar, er uvisst. Karensperioden for å klage går ut 2. mars 2021.

Fylkesrådmannen har tidlegare meldt at det vert lagt fram sak om strategi for handtering av risiko for forvaltning av konsesjonskrafta til marstinget i 2021. Slik situasjonen er no, let denne framdriftsplanen seg ikkje gjennomføre.

VLFK vil difor halde fram med å nytta gamle SFFK og gamle HFK sin risikostrategi i arbeidet knyt til forvaltning av konsesjonskrafta. Kontraktane er forlenga med dagens forvaltarar.

Det er ikkje grunn til å vente at ny framtidig strategi vil avvike vesentleg frå dei gamle strategiane til dei to tidlegare fylkeskommunane. Fylkesrådmannen ønskjer likevel å ha høve til å diskutere VLFK sin reviderte og oppdaterte risikostrategi med ny forvaltar etter at ny kontrakt er tildelt og vil kome attende med slik sak til fylkestinget.